



Leiar Audun Eik saman med sokneprest Sven Harald Nilsen etter konfirmasjonen i fjor. Johannes Vågen frå Skorpo er på veg ut. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Saman med valet i haust er det også kyrkjeval og i Uskedalen sokneråd vil Audun Eik takka for seg etter tre år som leiar og fire år som medlem, opplyser han til uskedalen.no.**

**- Eg har gjort ein jobb som eg ikkje på noko vis førestilte meg at eg skulle få. Det har vore kjekt og interessant, ikkje minst med mange hyggjelege telefonsamtalar. Men no får ein annan ta over, seier Eik.**



Kyrkja i Uskedalen blir 100 år i 2014. (Foto: Tore Mathiesen)

Dette er Uskedalen sokneråd med varamedlemmer: Audun Eik, Tormod Myklebust, Inger Anne Leite, Konstanse Otilia Tveit, Marit Langballe, Britt Jorunn Arnesen, Reidar Myklebust, Lars Haugland og Edvin Kjærland. I tillegg kjem sokneprest Sven Harald Nilsen.

Det er fleire nyhende i samband med valet, fortel den avtroppande leiar. Det nye har i stor grad samanheng med eit ønskje om å auke deltakinga i dette valet, som har vore til dels svært beskjeden. Til dømes skal valet no ikkje gå føre seg i kyrkja, men i eit anna lokale i skulen/Aktivitetshuset enn der det andre valet skal skje. Nytt er det også at kyrkjevalet blir ope for ungdom heilt ned til 15 år, medan grensa før var 18. Valet denne gongen vil gjelda for ein periode på berre to år. Det skjer no ei utprøving i nokre kommunar som går ut på å velja berre halve rådet om gongen.

Soknerådet har vald ein nominasjonskomite med Konstanse Otilia Tveit, Marit Langballe og Inger Anne Leite som medlemmer og komiteen er allereie i gang med å finna kandidatar til lista. Det er samstundes val på lekfolk til bispedømmerrådet, men soknerådet har ikkje noko å gjera med organiseringa av dette valet.

Audun Eik tenkjer attende på fleire vellukka arrangement, ikkje minst konfirmantjubileet i 2007 og opplyser at det i år blir nytt jubileum for dei som vart konfirmerte for 50, 60 og 70 år sidan. Og då blir, som sist, også dei som eigentleg jubilerte i fjor med på todagars-arrangementet. Førebels er det ikkje planlagt i detalj, men det blir 26. og 27. september. Programmet vil likna det dei hadde sist, med kultur-rundtur i bygda føste dagen og samling på Solheim etter gudstenesta.

Leiaren varslar ellers at det snart blir organisert dugnad for oppussing av gjerdet rundt kyrkja, som har vorte svært grønt. Nokre slitne fjøler i kyrkja er også til bekymring for leiaren, men å skifta ut dei er fellestrådet sitt ansvar.

Også ei utviding av kyrkjegarden har vore eit tema, men konklusjonen går ut på at det ikkje er trong for dette med det fyrste.

Av Ola Matti Mathisen



Kyrkjegarden treng ikkje utviding førebels. (Foto: Ola Matti Mathisen)